



Torbjørn Krossøy
Nørlandsvegen 76
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/639 - 23/6184

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
29.06.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om deling av grunneigedom til bustadføremaal - gbnr 27/3

Me syner til søknad motteke 26.06.23

Administrativt vedtak. Saknr: 059/2023

Tiltakshavar: Torbjørn Krossøy
Søknadstype: Søknad om løyve til deling av grunneigedom

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til frådelling av eigedom til bustadføremaal på gbnr. 27/3, Nørland, i Masfjorden kommune.

Grunngjeving: Tiltaket er i samsvar med planformålet

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka oversendt avdeling for kart- og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfristen er 16 veker., jf. matrikkelforskrifta §18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og evt. supplering av opplysningar frå rekvirent. Kommunestyret har vedteke at tida Side 2 22/982 - 2 01.12-31.03 er vintersesong. Kommunen og rekvirent kan avtale lengre frist, men ikkje lenger enn 2 år. Jf. matrikellova §35.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.2	Oppretting av ny eigedom i samsvar med planformål, der området er uregulert	1	4.600,-
	Totalt gebyr å betala		4.600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:**Tiltak**

Saka gjeld søknad om frådeling av eigedom frå gbnr. 27/3 til bustadføremål.

Fakta

Det vart i 2012 søkt om å byggja bustad på det området som det no vert søkt frådeling på og det vart gjeve byggjeløyve. Då var dette definert som hus nr. 2 på garden. I kommuneplan låg arealet avsett til LNF. Tiltaket var då handsama etter jordlova. Grunnarbeidet vart starta opp og det vart seinare søkt om deling av grunneigedom, men byggjearbeida og frådeling stansa av ulike grunnar opp.

Etter dette vart kommuneplanen endra og tomta avsett til spreidd bustadbygging og tiltaket er no soleis i samsvar med plan.

Frådelinga er nabovarsla og alle har samtykka til delinga.

Vurdering

Tiltaket er i samsvar med kommuneplan for Masfjorden 2018-2030. Saka er vurdert i forhold til jordlova tidlegare. Tomta er planert iht. løyve som er gjeve tidlegare. Det er kommunalt vatn fram til tomta og det er betalt tilknytningsavgift. Det er felles privat avløp til slamskillar med leidning i sjø. Det er stadfesta at tomta har rett til bruk av privat veg frå kommunal veg og til tomta.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til frådeling jf. vedtaket.

Med helsing

Sveinung Toft
Assisterande rådmann

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torbjørn Krossøy

Nørlandsvegen 76 5981

Masfjordnes